



Håkon Kornstad gjer opp status med eit strålende solo-album.

FOTO: FIN SERCK-HANSEN

Kornstad slik han er

Du kjenner deg velkommen når Håkon Kornstad spelar. Han har bestemt menyen sjølv på sterkt soloalbum, og er også sjølvskreven på vårsleppet til Jazzland.

ROALD
HELGHEIM

JAZZ PÅ SØNDAG

For ein dryg månad sidan gjekk den andre parhesten i duoen Kornstad/Wiik solo med «Palinod», med Håvard Wiik åleine ved flygelet. På solo-albumet «Single Engine» har Kornstad invitert musikantar med på fire av spora, men det er Kornstads bumerke som lyser av dei. Musikken min er laga til lyttaren, seier han sjølv, og det er noko venleg og inkluderande i heile veremåten til Kornstad, som speglar seg att i musikken. Han trakterer tenor og bassaksofon, fløyter, melodika og anna, og han tar elektronikken til hjelp som når han spelar med seg sjølv på opningsnummeret, før han introduserer flutonetten sin på albumets pusteøving. «Sweden» er Kornstad slik vi ofte har høyrte han, fleirstemmig med sine eigne saksofon-overtonar. Så kjem «B», eit kosmisk og vakkert stykke, der Bugge Wesseltoft med lyse orgeltonar og Ingebrigt Flaten på bass er med i hyllesten til Bjørnar Andresen, gudfaren som på ein så sjølvsgd måte kom på talefot med Kornstad-generasjonen, og som garantert har ein kommentar klar til denne helsinga frå hans gamle planet.

STATUS

På «Turkey, Texas» tar Kornstad flutonetten ut i ein svingande, bluesaktig samtale med sitt eige blåseensemble, før han lar tenorsaksofonen syngje med seg sjølv i ein makelaus båsull. Kornstad seier at for han handlar jazz om å lage noko vakkert av bitar frå dei som kom før. Det har grodd saman til ei stemme som er hans. Slik tar han oss også med gjennom «ARDAL. One Alpha», «Kokarde» (med Knut Reiersrud) og «Ambergris», forvitnelege stykke i mange forundringspakkar, før han tonar ut til enkelt bassfølgje i «Crying In The Rain»,



Håkon Kornstad
«Single Engine»
Jazzland (Universal)



Frode Barth og Harald Johnsen
«Blue Spheres»
MTG Music
(Musikkoperatørene)



Sidsel Endresen, Bugge Wesseltoft m. fl
«Jazzland Community»
Jazzland (Universal)

den einaste songen han ikkje har skrivne sjølv.


Mine første minne om Kornstad er ein overivrig saksofonist med mykje på hjartet. I eit tiår har han prega den nye norske jazzzen. «Simple Engine» er eit første statusoppgjør, og ei sterk og vakker lydaroppleving.

BØÅ SFÆRER

Her kjem ei av vårens spennande overraskingar, «Blue Spheres» med gitarist Frode Barth og bassist Harald Johnsen, på eit album der dei nyttar seg av mange gjesteartistar for å skape eit mangslunge musikalsk uttrykk. Vekslande mellom nesten «streit» jazz, til musikk som har utvikla seg langs mange slags linjer. Hovudaktørane har spela saman sidan dei må ha vore pur unge 1984, vi kjenner bassisten Johnsen best mellom anna frå Tord Gustavsen Trio. Frode Barth får gitaren til å syngje som ein Terje Rypdal i opningsnummeret, parhestane har skrivne musikken sjølve, trommeslagar Jarle Vespstad & John Engels, Svein Olav Herstad (fender rhodes), Håkon Kornstad og Gisle Johansen (saksofon) og endeleg munnspele Finn Hauge er med i ulike konstellasjonar, alltid med Johnsens sobre basspel i botnen, i dette musikalske kalaset. Vi er i dei blå sfærene, og der er det mykje vellyd.

JAZZLANDET

Bugge Wesseltoft starta selskapet Jazzland for å gje ut albumet «New Conception of Jazz». Sidan har det vore ein verkstad for den nye norske jazzzen, og i fjor feira dei sitt første tiår. «Jazzland Community» er mest live-opptak frå den europeiske turneen i fjor haust, mest frå klubben Hamburg's Fabrik, to frå Køløn pluss ei innspeling gjort i heimstudioet til Bugge. Sidsel Endresen, Bugge Wesseltoft, Eivind Aarset, Haakon Kornstad, Wetle Holte og Marius Reksjø er laget som framstår delvis solo, i mindre konstellasjonar eller alle i hop. Det forrykande resultatet er ikkje uventa, og tysdag blir det stor sleppkonsert på Parkteatret i Oslo. Jazzlandet lever.



Breckers farvel

Det lyder som alt anna enn ein dødsmerkt mann når Michael Brecker (1949-2007) dreg i gang den første forrykande låten på «Pilgrimage» (WA Records/Universal), innspela fire månader før han døydde i janua. Det er Michael Brecker slik vi er vane med han, med sitt kraftfulle, ekspressive og virtuose saksofonspel. Forteljingane etterpå handlar om korleis han tok ut alt, i nokre skjelsjetjande augustdagar då ingen kunne vite om han fullførte løpet.

Resultatet er eit kanoalbum han har skrivne all musikk til sjølv, innspela med livslange medmusikantar som Pat Metheny, Herbie Hancock og Jack DeJohnette, med Brad Mehldau som alternerande pianist og John Pattitucci. Ein 75 minutt kraftprestasjon før sjukdommen etterpå forverra seg att, og slaget var tapt mot leukemien. Han kjempa ein kamp heile jazzverda var vitne til, og gav oss eit av sine beste album, rikt og mangefasettert, med slike gli-trande soli vi hugsar han før, og med tittel-songen «Pilgrimage» som den siste han spela inn i sitt jordiske liv.



Godbit frå McLean

Ein annan stor muskar, altsaksofonisten Jackie McLean, gjekk bort i fjor, 73 år gammal. Ein godbit frå katalogen er klassikaren «New And Old Gospel» frå 1968, med tittellåtskrivar Ornette Coleman på trompet, no nytuttitt i Blue Note-serien til Rudy van Gelder. Lamont Johnson (piano), Scotty Holt (bass) og Billy Higgins (trommer) er resten av det unike laget.